

**- Kalkinga verkar etter hensikten**

09.11.2010



Svenn Erik Gabrielsen kan melda om positive telleresultat

**Kalkinga av Uskedalselva verkar som tidlegare år etter hensikten. Resultatet er svært bra. Det er all grunn til å vera fornøgd med tettleiken av ungfisk - det vil si fisk på maksimalt 20 centimeter - både av laks og sjøaure.**



Forskar Bjørnar Skår møter oppsynsmann Arne Terje Haugland etter tellinga i dag.

Denne konklusjonen blir trukke for uskedalen.no av forskar Svenn Erik Gabrielsen etter at han og kollega Bjørnar Skår har tella ungfisk med hjelp av elektrofiske i to dagar frå Storhaug ved Øvre Musland og ned til fjorden. Dei 2 forskarane er frå Uni Miljø i Bergen, som er knytta til universitetet. Tellinga skjer rutinemessig kvar haust som ledd i eit landsomfattande overvåkingsprogram/effektkontroll som viser tettleiken av ungfisken i samband med kalkinga.

Tala frå tellinga denne hausten vil ikkje vera klare før om ei stund men også i fjor var tettleiken god. Den var 25 årsungar av laks i gjennomsnitt, opplyser Gabrielsen.

Kontrollfisket i elva inneber at det kvar haust blir tella ungfisk på 7 område som er 100 kvadratmeter store.

Men sjølv om situasjonen for fiskeungane er positiv legg Gabrielsen til at lus-situasjonen for fisken i regionen framleis er problematisk. Som døme på det trekk han fram ferske observasjonar som han har gjort i elva i Omvikdalen.

Når det gjeld kalkinga i Uskedalselva har den vore sporadisk dei siste 20 åra, men starta systematisk i 2002 med doseraren i Børsdalselva.

I den ferskaste rapporten om kalking i laksevassdrag, utgjeve sist sommar, skriv forskarane at Børsdalselva framleis er for sur, både ovafor og nedafor doseraren.

Doseringa har vore utilstrekkeleg til å gje god nok bufferkapasitet i smoltfiseringsperioden om våren, blir det påpeika.

21 lakseførande vassdrag her i landet blir kalka og det har ført til betring av vatnkvaliteten, økt artsmangfaldet av botndyr og auka produksjonen av laks. Resultata så langt viser imidlertid at kalkinga må oppretthaldast og i einskilde høve aukast og endrast, Montering av fleire kalkdoserarar er eitt av dei aktuelle tiltaka.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)



Bjørnar Skår er ferdig med jobben i Uskedalselva for denne gongen. Han har ikkje vore her før og er imponert over vassdraget både med omsyn til natur og fiskebestand